



Sletta Samdrift Da
5939 Sletta

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/3442 - 23/32384

Saksbehandlar:
Marie Victoria Rekdal Skogrand
marie.skogrand@alver.kommune.no

Dato:
28.04.2023

Varsel om dokumentkontroll etter søknad om produksjons- og avløysartilskot i jordbruket 2023

Alver kommune v/landbrukskontoret visar til føretaket sin søknad om produksjons -og avløysartilskot i jordbruket i mars 2023.

I følge § 10 i Forskrift om produksjonstilskot, skal kommunen kontrollere at utbetaling av produksjonstilskot til aktuelle føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysningane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon.

Rundskriv 2023/10 punkt 5, seier at minst 10 % av søkjarane i kommunen skal kontrollerast kvart år.

Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, **og vi melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter gjeldande søknadsomgang.**

Føretaket ditt er trekt ut grunna feil ved den maskinelle kontrollen av **storfe** knytt mot husdyrregisteret, der søknadsopplysningar vert kontrollert mot registreringar i husdyrregisteret. Det kan vera fleire grunnar til avvik mellom opplysningar i søknaden og våre rapportar frå husdyrregisteret. Me vil difor foreta ein kontroll.

Kontrollen skal gjennomførast som dokumentkontroll. Då bed me om at de sender inn kopi av naudsyste dokument til kommunen for kontroll.

Kontrollen vil omhandla:

- **Mjølkekyr som føretaket disponerte på teljedata 1.mars som er registrert i husdyrregisteret.**

For å reknast som ei mjølkeku i samband med søknad om produksjonstilskot må kua ha kalva i løpet av dei siste 15 månadane før teljedato. For kyr av bevaringsverdig rase er kravet 18 månadar. Dødfødsel innanfor 20 dagar før venta kalving vert rekna som ei kalving. Kasting tidlegare enn 20 dagar før venta kalving vert ikkje rekna som ei kalving, og kua kan då heller ikkje reknast som mjølkeku, men skal først opp som «Øvrige storfe» i søknaden.

Føretaket har søkt om tilskot for 39 mjølkekyr i denne søknadsomgangen. Tal fra husdyrregisteret per 1.mars viser at det var registrert 34 hodyr av storfe som har født ein levande kalv dei siste 15 månadene før teljedato. Husdyrregisteret har vidare registrert 9 hodyr over 3 år som ikkje har født ein levande kalv dei siste 15 månadene før teljedato. I denne gruppa kan det vere dyr som har hatt dødfødsel, kasting, langt kalvingsintervall eller dyr som er ute av produksjon. Dersom nokre av desse individa har kalva/ hatt dødfødsel innanfor dei siste 15 månader bed me om at de sender inn dokumentasjon på at desse individa fyller vilkåra for tilskot som mjølkeku i søknad om produksjonstilskot. Me må då ha dokumentasjon på dato for kalving/ dødfødsel og insemineringsdato for desse individa.

Utskrift/ skjermbilde av individinformasjon frå Kukontrollen vil vere tilstrekkeleg dokumentasjon.

Husdyrregisteret 1. mars 2023:

Hodyr over 3 år som ikkje har født ein levande kalv dei siste 15 månadene

Opprinnelsesmerke	Født
12600223 - 0522	2014-08-26
12600223 - 0633	2017-02-28
12600223 - 0649	2018-01-05
12600223 - 0660	2018-04-01
12600223 - 0696	2019-01-20
12510228 - 0623	2016-10-01
12014160 - 0576	2018-09-18
12600381 - 0627	2016-06-28
12631032 - 0683	2019-01-02

Bed om at naudsynt dokumentasjon vert sendt til Alver kommune, Postboks 4 5906 Frekhaug eller på e-post til post@alver.kommune.no innan onsdag 12. Mai 2023.

Merk dokumentasjon med saksnummer 23/3442

De har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå de mottar varslinga. Det vert sett vekk frå helgedagar.

Ved spørsmål til kontrollen, kan de kontakte underteikna eller dei andre på landbrukskontoret.

Alver kommune innbyggjarservice: 56 37 50 00

Kontakt sakshandsamar: marie.skogrand@alver.kommune.no Tlf: 45330183

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Marie Victoria Rekdal Skogrand
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Sletta Samdrift Da

5939 Sletta

Mottakarar:

Sletta Samdrift Da

5939 Sletta